

Byggefirma Nilsen & Andersen AS  
Sandviksveien 163A  
5035 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14203 - 21/34578

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
23.05.2021

## Svar på klage på gebyr for behandling av endringsøknad - gbnr 196/159 Midtgård

Alver kommune viser til klage på fakturert gebyr for behandling av søknad om endring av godkjend tiltak på gbnr 196/159, mottatt 27.04.2021.

Klagen gjeld fakturert gebyr knytt til vedtak datert datert 21.12.2020, om endring av godkjend tiltak på gbnr 196/159, jf. opprinnleg godkjend i vedtak datert 24.11.2014. Gebyr for saksbehandling vart fakturert i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ for 2020. Samla gebyr var på kr 23 000,-. Fakturaen er send tiltakshavar/heimelshavar i tråd med gebyrforskrifta.

Ansvarleg sækjar Byggefirma Nilsen & Andersen AS skriv at dei meiner at det er urimeleg at det vert fakturert saksbehandlingsgebyr i denne saka. Det vert vist til at søknaden om endring av tiltaket har ein historie heilt tilbake til 2016 der det vart søkt om endring av godkjend tiltak, men der søknaden av ukjend årsak ikkje vart sluttbehandla av kommunen. Saka vart tatt opp igjen i 2019. Ny søknad om endring vart send inn 17.08.2020 og vedtak om endring vart gitt i vedtak datert 21.12.2020.

Alver kommune viser til mottatt klage og historikk i saka og finn å fråfalla kravet om gebyr i denne saka, jf. § 4.9 i Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning. Utsend faktura vil verta kreditert.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ragnvald Myre Hosøy

Naustdalslia 11

5915

HJELMÅS

**Mottakarar:**

Byggefirma Nilsen &amp; Andersen AS

Sandviksveien 163A

5035

BERGEN